

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

*Nils Bjørn Vistad, Pålerudbyen 72, 3516 Hønefoss
Mobil 90033113, E-post: nbjoer-v@online.no*

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Pb. 8112 Dep
0032 OSLO

Rauland, 27. februar 2015

Forenkling av utmarksforvaltninga

Ein viser til høyringsbrev frå KMD av 15.12.2014, der det også vert opna for innspel frå andre enn bare instansar nemnde på høyringsliste. Hardangervidda Grunneigarsamskipnad er ein overbygning for dei private grunneigarinteressene på Hardangervidda, og omfattar såleis 7 kommunar fordelt på 3 fylke (Telemark, Buskerud og Hordaland). Me er i høgste grad berørte av den aktuelle fagrapporten og vil med tyngde hevde å ha meiningsinteresser i saka.

Større ansvar og mynde til kommunane

Innleiingsvis sluttar me oss i hovudsak til det to-sidige primærmålet om forenkling for brukarane og overføring av større ansvar og mynde til kommunane. Me er klar over at dette siste krev at kommunane har naudsynt kompetanse og kapasitet og at der er eit stort nok økonomisk handlingsrom.

Me trur det er rett at mindre verneområde, som fullt ut ligg innanfor kommunen, blir forvalta av kommunen. Med gode delegasjonsreglar er det neppe bruk for overordna slutthandsaming/godkjenning av einskildsaker.

I den grad randsonereale skal ha særbehandling, må det avgrensast til å gjelde tiltak/inngrep med direkte verknad for verneformålet. **Me kan ikkje akseptere «halvfredingsstatus» på eit udefinert areal på utsida av eit stort verneområde.**

Fyrstelinjeansvaret. Kapasitet og kompetanse

Aktivt fyrstelinjeansvar og veiledningsplikt for kommunane krev snarleg oppfylgjing av fagleg kravsspesifikasjon, kurstilbud og ferdig rettleiingsmateriale.

Dette betydelege meirarbeidet må ha basis i ein avklara økonomi for kommunen i forkant.

Habilitetskrav og rettstryggleik blir rimeleg tekne vare på gjennom gode delegasjonsreglar og prinsipielle avklaringar.

Utmarksstyre

Dette er ei spennande nyvinning. Internt i HG er det likevel ein viss skepsis til burtfall av fylkesvise tilsynsutval. I Hordaland og Buskerud fungerer desse godt. I Telemark, derimot, er ein lite nøgd med at TU Telemark har lagt seg på ein strengare praksis enn TU i dei hine fylka. Der støttar ein tanken om ein eitt sams organ for heile Hardangervidda fullt ut.

Me støttar fagrapporten på at grunneigarinteressene må ha plass i slike utmarksstyre. Som grunneigarinteresser meiner me representantar både for privat eigedom og statsållmenningane (Fjellstyra, ikkje Statsskog). Både interessene må vera representerte, med ein styrke som svarar til areal. Dette gjeld både ved eitt og ved tri styre, som no.

Samansetjing elles kan me ha meiningar om, men ventar med å koma med dei til eit seinare høve.

For Hardangervidda ser ein det som ei naturleg løysing at sekretariatet ikkje blir liggjande hjå Fylkesmannen i Bergen, Skien eller Drammen. I alle fylka finst det andre fagmiljø eit slikt sekretariat vil kunna vera ein naturleg del og ei styrking av. Sjølve arbeidsgjevaransvaret er det likevel rimeleg blir lagt til eit fylkesmannsembete.

Me vil elles nemne at i Nore og Uvdal kommune blir det arbeidd med ein modell som tek sikte på å taka vare på lokal tilknytning og kunnskap, samstundes som ein sikrar overordna styring og sams praksis.

Burtfall av Villreinnemnda som eige organ ser me som lite kontroversielt. Dei siste 20 åra har det på Hardangervidda vore full semje mellom Villreinutval og Villreinnemnd om bestandsforvaltinga. Arealbruken er rimeleg godt avklara gjennom vernereglar og regionalplan. Ein spør seg beint fram om ikkje tida er inne for å delegere fullt ansvar for bestandsforvaltinga til Villreinutvalet.

IKT-løysingar og KOSTRA-rapportering

Ingen merknader.

Oppsynet

Det Fagrapporten seier om tilhøvet Fjellopsynet/SNO vedkjem i liten mon HG beinvges. Me vel difor å ikkje seia noko om dette.

Privatrettslege bruksrettar i statsållmenningane

Rapporten nemner at privatrettslege bruksrettar i statsållmenningane ligg fast og ikkje blir berørte. Samstundes tek ein til orde for ein for gjennomgang av fjellova og gjeldande system for m.a. småviltjakt med hund, villreinjakt m.m.

All agering i dette «farvatnet» må gjerast med eit klart uttrykt mål/mandat om reell styrking av fjellstyras og lokalbefolkningas interesser. Nå kan ein lesa teksten som om faktisk det motsette er intensjonen!

HG er primært ein talerøyr for dei private grunneigarane. Det er likevel så at mange av medlemene bur i bygder med allmenningsrett, og utøver reinsjakt på allmenningane. **Den føreretten bygdefolk har i den samanheng må ikkje skiplast!**

Lovutval for utmark

Faggruppa meiner det er eit grunnleggande behov gjennomgang av gjeldande lovverk i utmark, og at dette (store) arbeidet bør starte med oppnevning av eit «lovutvalg».

HG støttar dette framlegget, og vil ha fleire synspunkt i framhaldet av denne saka.

Kan hende burde me ha plass i eit slikt arbeid, då me trur at eit naudsynt tungt fagutvalg, vil ha behov for ei breidt sammensett praktisk referansegruppe. Me ser likevel at dette er ei skål godt fram i tid.

Anna

Det er i fagrapporten sagt lite om samordning på sentralt hald, bare lokalt.

Me etterlyser også større fokus på samhandling mellom verneområdeomsyn og lokal næringsutvikling basert på verdiar knytt til aktuelle verneområde. Det var eit «fyndord» for nokre år sidan at ein skulle framskande samspelet mellom vern og økonomisk utnytting av store verneområder, jfr. den nasjonale «fjellteksten», utan at dette har kome til uttrykk i praksis.

«Grunneigarstyrt forvaltning» var også eit ofte nytta uttrykk for nokre år sidan. Nå har ein høvet til å gje uttrykket konkret innhald!

Me sit kan hende att med eit inntrykk av litt uvisse kring «forenklingsmålet». Ein må leggje vekt på så greie avklaringar at ein kan redusere søknadsmengde og erstatte dette med reine «meldingar» når tiltaket er innanfor definerte tiltaksrammer. Det som er lovleg (og greit) må vera definert direkte i lovverk/regelverk så langt råd er. Ein må redusere dispensasjonsregimet gjennom greie avklaringar i forkant!

Med helsing

HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

Johan Vaa(sign.)
Leiar

Nils Bjørn Vistad(sign.)
Sekretær

